



**ETNE KOMMUNE**  
**Etne tenestetorg**

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep.  
0030 OSLO

Etne, 15.09.2009

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

2009001124/2009005159

**Arkiv:**

N-502.0

**Sakshandsamar:**

OIV

**HØYRING. STATLEGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT  
FORVALTNING AV STRANDSONA. UTTALE FRÅ ETNE KOMMUNE.**

Saka vart handsama av komite Natur 10.09.09, sak 103/09. Vedlagt følgjer kopi av sakspapira.

Med helsing

*f* Etne kommune  
Tenestetorget  
*Anne Lise Solvi*  
Anne Lise Solvi  
konsulent



**Etne kommune**  
**SAKSUTGREIING**

<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Saksh.</b>
Komite Natur	10.09.2009	103/09	OIV

<b>Sakshandsamar:</b> Odd Inge Vestbø	<b>Arkiv:</b> N-502.0	<b>Arkivsaknr:</b> 2009001124
--	-----------------------	----------------------------------

**HØRING - STATLIGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT  
FORVALTNING AV STRANDSONA. UTTALE FRÅ ETNE KOMMUNE.**

**Vedlegg i saka:**

Utdrag frå høyringsdokument om differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen dags. 29.juni 2009 frå Miljøverndepartementet.

**Utrykte saksdokument:**

Ny plan- og bygningslov  
Uttale frå Samarbeidsrådet dags. 25.08.2009

**Saksgang:**

Komite Natur

**Utskrift til:**

Miljøverndepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO.  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland til orientering.

**Retts utskrift**  
**ETNE KOMMUNE**

STABEN: 15.09.09  
*Annemie Soler*

## **SAKSUTGREIING:**

### **1. Kva saka gjeld:**

Uttale til høringsframlegg til nye statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø med høringsfrist 4.september 2009.

### **2. Bakgrunn for saka:**

Ny plan- og bygningslov er vedtatt og det er sett ulike datoar for iverksetting. Førebels er plandelen sett i verk, med strengare strandsonevern enn det har vore fram til no. Som eit resultat av denne haldninga eller målsettinga, kom det fram eit krav om differensiering av regelverket landet rundt, avhengig av presset på strandsona.

Etne kommune er plassert i "områder med mindre press på areala" i det framlegget som er på høyring, og det er med eit framlegg til retningsliner for slike område.

Andre hordalandskommunar i denne gruppa er : Eidfjord, Fedje, Fusa, Granvin, Jondal, Kvam, Masfjorden, Meland, Modalen, Odda, Osterøy, Samnanger, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Voss. I Rogaland er m.a. Bokn, Sauda, Suldal og Vindafjord i same gruppe.

### **3. Problemstilling:**

Framlegget tar utgangspunkt i Oslofjordregionen sine problem og press på strandsona og differensierer strandsoneforvaltninga i to; områder med stort press og områder med mindre press.

Det burde kanskje vore fleire grupperingar i dette biletet, men framlegget føreset at kommunane sjølv differensierer eigen strandsone i eit langsiktig perspektiv i kommuneplan.

Det vil sei at kommunane legg retningslinene til grunn for planlegginga i strandsona. Dette er såleis eit arbeid som vil ta tid og få på plass.

### **4. Vurdering:**

Ein finn grunn til å sitere framlegget til retningsliner som gjeld Etne kommune:

"Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen i § 1-8 i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 gjelder for hele landet. I den nye loven er forbudet og bestemmelsene om dispensasjon i kapittel 19 strammet inn. 100-metersbeltet er av nasjonal interesse, og bygging her i de nevnte kommunene skal bare tillates etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold.

Behovet for eventuell utbygging i 100-metersbeltet langs sjøen skal vurderes i kommuneplanen, og i et langsiktig og helhetlig perspektiv. Det bør avgrenses hvilke områder som er å anse som strandsone der tiltak skal vurderes strengt, og hvilke områder som kan være egnet for bygging. God planlegging er viktig for å sikre avveining av alle interesser.

I kommuneplanens arealdel kan kommunen gi nærmere bestemmelser om oppføring av nødvendige bygninger og mindre anlegg og opplag for landbruk, reindrift, fiske, fangst og akvakultur, og anlegg for ferdsel til sjøs. Slike tiltak er dermed ikke generelt unntatt fra forbudet, men kommunen har hånd om hvordan de skal reguleres, og kan også gi bestemmelser som generelt tillater slike bygninger og mindre anlegg i 100-metersbeltet. Det legges til grunn at slike bestemmelser ikke skal være til hinder for at det kan foretas ombygging av eksisterende driftbygninger og oppføring av erstatningsbygg på gårdstun i strandsonen eller at de gjenoppføres etter brann eller ulykke.

Kommuneplanen skal legges til grunn for eventuell utarbeiding av reguleringsplan (områderegulering eller detaljregulering). Byggegrense skal angis i planene, jfr. § 1-8 tredje ledd i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008. Eldre planer som gir mulighet for utbygging i strid med retningslinjene, bør revideres eller oppheves. Dispensasjon bør vanligvis unngås. Det vil være enklere for kommunene å gi tillatelse til å bygge i områder uten press enn i områder der presset er stort. Det vil gi kommunene utenfor pressområdene mulighet til å inkludere strandsonen i sine helhetlige utviklingsstrategier. Dette innebærer at kommunene kan vedta planer som innebærer utbygging til ulike formål også i 100-metersbeltet. Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, slik at utbyggingen skjer mest mulig konsentrert. Utbygging i urørte områder med spesielle friluftsinteresser eller natur- og landskapskvaliteter skal unngås. Det gjelder for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskaper med spesielle kvaliteter. Spørsmålet om bygging skal vurderes i forhold til andre allmenne interesser. Det bør vanligvis ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, biologisk mangfold, kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Forholdet til andre interesser, som for eksempel landbruk, fiske, oppdrett og reindrift må også vurderes. Der det tillates bygging, bør hensynet til andre interesser ivaretas best mulig. Dersom det er aktuelt å tillate bygging i 100-metersbeltet langs sjøen, bør alternative plasseringer vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, kan tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100- metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interesser som er angitt foran. Vurderingen vil være avhengig av hva slags type tiltak det gjelder. Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsbygg. Fritidshus og bolighus bør plasseres lenger fra sjøen. For by- og tettstedsområder skal behovet for fortetting og byutvikling tillegges vekt. Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør normalt prioriteres foran arealer til fritidsboliger.

### **Regionale planer**

Retningslinjer som framgår av tidligere vedtatte fylkesplaner og fylkesdelplaner skal fortsatt gjelde, så langt de ikke er i strid med det som framgår av retningslinjene foran. Fylkesplaner og fylkesdelplaner som er i strid med retningslinjene, bør revideres slik at de blir i samsvar med retningslinjene. Nye planer behandles etter bestemmelsene om regional plan i kapittel 8 i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008.”

Framlegget har ei inndeling i 3 kategoriar som er føresettt innarbeidd i kommuneplanen :

**Byggeområde** er område for eksisterande og planlagde bygg for bustadføremål, næringsføremål m.v.

**Opne område** er landareal utanom byggeområda og strandsona.

**Strandsona** er land- og sjøområde som står i innbyrdes direkte samspel økologisk og/eller bruksmessig.

Framlegget inneheld elles nokre presiseringar av dei ulike kategoriane, og etter sakshandsamar si meining ser dette akseptabelt ut.

I kommuneplansamanheng vil det vere behov for å vurdere heile strandsona på nytt, m.a. for å fortette eksisterande sentrumsområde, fortette naustområde for å sikre dei mest verdifulle strandareala til ålmenn ferdsel, sikre gode felles båthammer og legge til rette for at bustader og fritidshus vert plassert lenger frå sjøen.

Når det gjeld den geografiske avgrensinga synast det å vere uheldig å overføre Oslofjordproblematikken til resten av landet på den måten framlegget gjer. Det burde vore fleire kategoriar for det er store skilnader i presset på strandsona rundt dei større byane og dei minste kommunane innerst langs kysten (som Etne).

Tre kategoriar hadde nok truleg vore litt betre inndeling; Stort press, mindre press og lite press.

I den situasjonen kommunane er komne i no, vil det vere sterkt avhengig av korleis Fylkesmann og fylkeskommunane gjennomfører sin del av kommuneplanarbeidet når så langt kjem. Det er ulike erfaringar med dette kring i landet.

#### **TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:**

Etne kommune har følgjande uttale til framlegg til differensiering av strandsoneforvaltinga av 29.06.2009 frå Miljøverndepartementet:

Etne kommune er plassert i "områder med mindre press på strandsona" – dvs den minst restriktive kategorien, noko som etter kommunen sitt syn er rett plassering.

Den geografiske avgrensinga burde hatt ei tredeling; område med stort press (Oslofjorden), område med mindre press (rundt Bergen, Stavanger, Trondheim osv.) og område med lite press (kommunane med ganske stor avstand til større byar) som t.d. Etne kommune.

#### **10.09.2009 KOMITE NATUR**

##### **NA-103/09 VEDTAK: samrøystes**

Etne kommune har følgjande uttale til framlegg til differensiering av strandsoneforvaltinga av 29.06.2009 frå Miljøverndepartementet:

Etne kommune er plassert i "områder med mindre press på strandsona" – dvs den minst restriktive kategorien, noko som etter kommunen sitt syn er rett plassering.

Den geografiske avgrensinga burde hatt ei tredeling; område med stort press (Oslofjorden), område med mindre press (rundt Bergen, Stavanger, Trondheim osv.) og område med lite press (kommunane med ganske stor avstand til større byar) som t.d. Etne kommune.